


Årsrapport 2023



JÆRMUSEET

Innhold:

- Styret si årsmelding for 2023 [side 3]
- Avdelingar og anlegg [side 4–6]
- Hovudresultat i 2022 [side 7–10]
- Forsking [side 11–12]
- Forvaltning [side 13–15]
- Økonomi og administrasjon [side 16–17]
- Organisasjon og administrasjon [side 18–20]
- Staistikk [side 21]
- Opne publikumsarrangement [side 22–23]
- Besøksfordeling pr. museum [side 24–26]
- Rekneskap [side 27–34]



Jærmuseet
– møteplassen mellom
natur, kultur og teknologi
som forvaltar fortida –
fangar samtida – formar
framtida

STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2023

OMTALE AV VERKSEMDA

Stiftinga Jærmuseet blei skipa i 1985 og er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå, samt regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Det er eit konsolidert museum med hovudkontor på Vitengarden, Nærbø i Hå kommune, og driv i dag ulike museumsanlegg i alle dei sju stiftarkommunane.

I 2003 blei Jærmuseet eitt av seks regionale vitensenter utpeika av Kunnskapsdepartementet; i dag eitt av tretten. I 2008 blei Jærmuseet, saman med tre andre museum, ein del av Kystverkmusea – etatsmuseet for Kystverket.

Jærmuseet er ein vitskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. I 2021 vedtok styret i Jærmuseet ny strategiplan for perioden 2021–2025.

Museet sitt overordna mål er å utvikla samfunnsrolla slik at publikum opplever Jærmuseet som relevant, aktuelt og utfordrande, og oppmuntra til vidsyn og tvisyn.

Prioriterte tema for Jærmuseet er:

- Nyare landbrukshistorie, samtidsdokumentasjon av det moderne landbruket, og landbruksrelatert industri.
- Kystverket sitt virkefelt og moderne havbruk
- Regional industrihistorie
- Sandnes si byhistorie
- Militærhistorie og sivil luftfart, med utgangspunkt i aktivitetar knytt til Sola flyplass.
- Tema som har relevans og tilknytning til Arne og Hulda Garborgs liv og virke.



Vitenfabrikken har saman med Sandnes kommune oppgradert Lommeparken ved inngangspartiet. Her er det brukt biokull, og det er laga formidlingsopplegg knytta til parken. Ordførar i Sandnes kommune, Stanley Wirak, opna parken.

Foto: Lars Idar Waage



← Harry Breiland frå Ålgård orienteringsklubb saman med pedagog på Garborgsenteret Stian Ravndal i Knudaheio ein vindfull vårdag.

Foto: Inger Undheim / Jærmuseet

→ Limagarden sett frå lufta.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet



I planperioden legg Jærmuseet særleg vekt på desse arbeidsområda:

- Samfunnsrolla og samfunnsoppdraget
- Forsking og kunnskapsutvikling
- Relevant formidling
- Samlingsutvikling og trygg ivaretaking
- Forankring
- Forretning
- Organisasjonsutvikling

Jærmuseet er både museum og vitensenter. I utstillingane våre legg me derfor vekt på å knytta installasjonar og eksperiment til regionen si historie og tema som er forankra i strategiplanen, slik at Jærmuseet blir ein møtestad mellom natur, kultur og teknologi, mellom fortid, nåtid og framtid.

AVDELINGAR OG ANLEGG

Jærmuseet hadde ved utgangen av 2023 driftsansvaret for 65 kulturhistoriske bygningar, 50 543 gjenstandar, 196 980 foto og 539,55 hyllemeter privatarkiv. Det er ein tilvekst på 259 gjenstandar, 300 foto og 16,1 hyllemeter privatarkiv.

Stiftinga Jærmuseet eig fleire anlegg, alle lokalisert i Hå kommune, mellom anna Vitengarden med Kvia 4H- og museumsgard og Audamotlandstunet. Her ligg òg administrasjonsbygg og underjordisk magasin. Museet eig i tillegg ei halmluta (lager) på Refsnes.

I tillegg forvaltar museet ei rekke bygningar og anlegg i kommunal eige, og leiger eitt lagerbygg i privat eige.

Per 31.12.2023 hadde Jærmuseet driftsansvaret for desse museumsanlegga og besøksarenaene:

Vistnestunet i tåkedis.

Foto: Unn Iren Skretting Thorsen / Jærmuseet



Jærmuseet inviterte saman med venneforeningen til Flyhistorisk Museum Sola til markering av det første spadestikket for ny utstillingshall og foajébygg.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



- Administrasjonsbygg og underjordisk magasin, Nærbø
- **Vitengarden**, Nærbø, med museumsgarden Kvía 4H-gard og den historiske garden Audamotland.
- **Vitenfabrikken**, Sandnes, med Krossens havremølle, det historiske tunet Tranegården på Austrått, snikkarverkstaden på Vagle og fleire kvernhus.
- **Science Circus**, Jærmuseet sitt ambulerande vitensenter som oppsøker skular i heile Rogaland.
- **Varden Sjøredningsmuseum, gardsanlegget Grødaland**, Motlandsmia, tre naust og ei kvern på Nord-Varhaugstranda og gjenstandssamlinga i Hå kommune.
- **Limagarden** Gjesdal Ljåfabrikk, eit bakstehus, ei kvern og ei utløe samt foto- og gjenstandssamlingar i Gjesdal kommune.
- **Haugabakka** (skulehus og folgehus) i Klepp kommune.
- **Vistnestunet** samt foto- og gjenstandssamlingar i Randaberg kommune.
- **Tungenes fyr**, inkludert Sjøbruksmuseet i Tungevangen.
- **Nasjonalt Garborgsenter**, samlokalisert med Time bibliotek på Bryne.
- Forfattarheimane til Arne Garborg, **Garborgheimen** og **Knudaheio** i Time.
- **Flyhistorisk Museum Sola**, med foto- og gjenstandssamling, Flyhangaren og 720-brakka og **Torpedoverkstedet**, i Sømmevangen, Sola.
- Jærmuseet forvaltar det statlege kulturminne- og friluftsområdet **Hanabergsmarka** på 670 da i Hå.



Ordførar i Sola kommune, Tom Henning Slethei, tok det første spadestikket for nye bygg i Sømmevangen.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



På Haugabakka opna utstillinga Klimaklokt. Avdelingsdirektør Per Inge Bøe ønskjer gjestene velkomne.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet


Jærmuseet har elles rapporteringsansvar for Hå gamle prestegard (HGP) til museumsstatistikken. HGP mottar årleg tilskot frå staten gjennom Jærmuseet.

Jærmuseet legg vekt på å ha ei aktiv forvaltning av bygningar og anlegg i alle stiftarkommunane. Me vil styrka den lokale forankringa gjennom aktiv samhandling med vertskommunar, lokalt og regionalt næringsliv, organisasjonar, skular og lokalbefolkninga.

Vitengarden med 4H-garden i front.

Foto: Rune Helliesen / Jærmuseet





Jærmuseet formidlar kunnskap gjennom oppleving, deltaking og utforsking. Formidlinga i Jærmuseet skal opplevast som relevant, aktuell og utfordrande, og skapa engasjement, undring og refleksjon hos breie publikumsgrupper.

HOVUDRESULTAT I 2023

FORMIDLING

Jærmuseet har 12 museumsanlegg opne for publikum. Av desse er Vitenfabrikken, Vitengarden og Garborgsenteret heilårsopne.

2023 var det første heile driftsåret utan smitte-restriksjonar etter koronapandemien. Det har synt igjen på aktiviteten. Totalt hadde Jærmuseet 185 771 gjester i 2023, ein auke på 2 000 personar frå 2022. Av dette var nærare 50 000 barn og unge på besøk i organiserte formidlingsopplegg. Det er eit tal me er stolte av! Vitenfabrikken hadde sitt beste besøksår sidan opninga i 2008, og dei årlege Garborgdagar i Time kommune i januar kunne òg visa til særse gode besøkstal og publikumsrekord.

UTSTILLINGAR

Biokol

Alle 6. klassar i Sandnes får gratistilbod om å delta på undervisning om biokol. Elevane lærer om karbon, karbonfangst, karbonkretsløpet, bymiljø og lokal attvinning gjennom å sjølv prøva produksjonsprosessen som går føre seg på Vatne i Sandnes. Elevar plantar eigne etande plantar i biokol, ser korleis eige hageavfall kan gjerast om til vekstsubstrat og utforskar karbon gjennom puslespel, kviss og mikroskop. Totalt 546 elevar deltok på undervisningsopplegget frå åtte ulike skular i 2023.

Døds viktig

Utstillinga Døds viktig på Vitenfabrikken handlar om helse og teknologi i utdanninga. Her får besøkande sjølv prøva førstehjelp, hjarte- og lungeredning, testa eigne helseverdiar og sjå korleis teknologi kan

hjelpa langtidssjuke elevar å delta i undervisninga. Utstillinga gjev eit innblikk i korleis helsepersonell øver, trener og blir gode i sitt fagfelt for å sikra best mogleg behandling av pasientane. Besøkande får prøva både tradisjonell helseteknologi som puls- og blodtrykksmåling, og får sjølv undersøkje pasientar via VR-brilleteknologi som simulerer situasjonar som helsepersonell kjem oppi.

Inger Waage

Utstillinga om designaren Inger Waage opna 5. februar 2023 100 år etter at ho blei fødd. Ho var på 1950- og 60-talet ein av landets mest produktive og innovative designarar. Waage var kunstnarisk leiar for brukskunstavdelinga til Stavangerflint som blei fusjonerte med Figgjo Fajanse i 1968.

Bunkersen i Hanabergsmarka

I kommandobunkersen i Hanabergsmarka blei det opna ei ny utstilling i mai. Utstillinga formidlar korleis området blei brukt under andre verdskrig. Ho blir brukt aktivt i formidlingsopplegg om krigen til både 5.-7. trinn, ungdomsskule og vidaregåande. Bunkersen er alltid open for turgåarar.

Klimaklokt

Vandreutstillinga Klimaklokt blei sett opp på Haugabakka og var tilgjengeleg for publikum hausten 2023. Utstillinga Klimaklokt formidlar korleis klimaet påverkar oss, og korleis me påverkar klimaet. Korleis klimaendringane påverkar husa me bur i, og kva me kan læra av den lokale byggeskikken. Utstillinga viser til metodar og tankesett i tradisjonell byggetradisjon, som kan læra oss om klimatilpassing og klimagassreduksjon i dagens samfunn.

Lydlab er eit undervisningsopplegg som kombinerer musikk og programmering. Opplegget er tilpassa ungdomsskulen og er eit samarbeidsprosjekt mellom dei norske vitensentera og Equinor.

Foto: Martin Espe / Jærmuseet



Øglænd

På Vitenfabrikken gjenopna Øglænd-utstillinga etter fleire månader med ombygging. Utstillinga Øglænd i 150 blei komprimert til éin etasje. Dei viktigaste elementa er framleis med, og me har fått gode tilbakemeldingar på arbeidet etter ombygginga.

Også i år blei det rydda plass for Øglænds juleutstilling på Vitenfabrikken. I 2023 blei nisseutstillinga ytterlegare renovert, og det blei lagt til fleire element knytt til fornybar energi.

FORMIDLING TIL BARN OG UNGE

Jærmuseet kjenner eit stort ansvar når det gjeld formidling for barn og unge. I 2023 deltok 49 451 barn og unge i organisert formidling, av desse fekk om lag 1200 eit digitalt tilbod. Den gjeldande museumsstatistikken (2021) viser at Jærmuseet stod for om lag 10 prosent av den organiserte formidlinga for barn og unge i heile museums-Noreg. I vitensenter-Noreg står Jærmuseet for heile 20 prosent av det samla talet for organisert formidling til barn og unge. Desse tala er me stolte av.

Dei fysiske tilboda omfattar undervisning, SFO, sommarskule, feriekubbar, aktivitetar i haust- og vinterferie, talentsentersamlingar med meir. I alt tilbyr me nærare 250 ulike formidlingsopplegg frå barnehage til universitetsnivå.

Til elevar i heile fylket

Som regionalt vitensenter for Rogaland, har Jærmuseet eit ansvar for å nå skular i heile fylket. I 2023 fekk elevar frå 22 av 23 Rogalandskommunar besøka eitt av Jærmuseet sine anlegg, eller besøk frå

vårt omreisande vitensenter, Science Circus. Totalt gav Jærmuseet oppsøkande tilbod til 10995 elevar og 1655 vaksne.

I 2023 arrangerte Jærmuseet i alt 42 lærarkurs med 1491 deltakarar.

Digitale formidlingstilbod

Jærmuseet har eit vidt spekter av nettbaserte formidlingstilbod. Frå det fulldigitale formidlingstilbodet Kodekraft, som er eit programmeringsopplegg for ungdomstrinnet finansiert av Equinor, til fornuftig bruk av digitale flater i utstillingane. I 2023 har det òg blitt utvikla, testa og tilbydd opplegg og lærarkurs innan kunstig intelligens (KI). Som ein kuriositet kan det nemnast at Jærmuseet har sitt eige virtuelle matematiske Escape-rom som mellom anna har blitt brukt på talentsentersamlingar.

Ei hovudsatsing i perioden 2018–23 var *Den teknologiske skulesekken med super:bit*. Denne nasjonale satsinga på koding og programmering i skulen var finansiert av Utdanningsdirektoratet og Kunnskapsdepartementet, og blei avslutta våren 2023. På Makerspace og Idéverkstedet står digitale formidlingsopplegg i sentrum. Me ser at kunstig intelligens stadig blir meir aktuelt. Derfor har med nå tatt dette inn i arbeidet med Makerspace og Skaparverkstaden. Det er stor interesse for dette ute i skulane.

Talentsenter

Talentsenter i realfag har i løpet av 2023 gitt et tilbod til 323 elevar. Talentsenteret har nådd breitt ut geografisk, med elevar frå 18 av 23 kommunar



← → Vitenfabrikken hadde fleire opplegg i samarbeid med den kulturelle skulesekken. «Tempo, tempo!» blei gjennomført i samarbeid med Tempo-klubben. Her reiste ein ut til 10. klassingane i Sandnes, medan «»Pottemakeren og teglverkene» vert formidla på Vitenfabrikken til 4. trinn i samarbeid med pottemaker Ruth Simonsen.

Foto: Jærmuseet



i Rogaland. Elevane er delte i sju grupper etter alder og geografi. To av gruppene har samlingar i Haugesund. Det har blitt gjennomført 26 samlingar. Fire elevar deltok på nasjonal camp i Oslo saman med elevar frå dei fem andre talentsentra i Norge. I løpet av 2023 har me hatt samarbeid med ulike institutt ved Universitet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet og private bedrifter lokalt og nasjonalt. Talentsenteret har deltatt på fagdagar for lærarar i vidaregåande skule og halde lærarkurs for to barneskular i Sola og Stavanger.

Krigsveka

For åttande gong gjennomførte Jærmuseet i samarbeid med Universitetet i Stavanger den årlege krigsveka for om lag 60 lærarstudentar ved Samfunnsfag 2. Opplegget formidlar lokal militærhistorie, frå første verdskrig til den kalde krigen.

Den kulturelle skulesekken (DKS)

I Sandnes kommune har Jærmuseet hatt to DKS-opplegg, Pottemakeren og teglverkene for 4. trinn og Koppens kropp for 8. trinn. Elevane får sjølv testa ut ulike teknikkar for bearbeiding av leire.

Gjennom Rogaland fylkeskommune har Vitenfabrikken også hatt eit DKS-opplegg knytt til motorsykkelen og merkevaren Tempo. Gjennom dette opplegget får elevane møta ungdomskulturen som nær kulturarv. Design og kultur rundt mopeden er stikkord.

Jordeple og jernplog

Vidaregåande skuleelevar i Rogaland fekk moglegheit til å vera med på Jordeple og jernplog

på Garborgheimen, eit dialogbasert opplegg om byggeskikk og berekraft. Gjennom forteljning, omvising og diskusjon får elevane erfarar korleis ein nytta lokale ressursar på 1800-talet, og saman snakkar me om nåtida og framtida.

Verdas rikaste land

8. klasse i Time kommune har deltatt på dette opplegget der dei fekk læra om kva barnefattigdom er, og kva konsekvensar det får for individet, familiar og lokalsamfunnet. Opplegget tok utgangspunkt i ei prislønna utstilling som Garborgsenteret tok over etter Norsk barnemuseum, Stavanger.

Vistnestunet:

Kokker i friluft for 5. trinn. Elevane lærer å laga ulik mat på bål, ferdsel i naturen og handtering av spikkeknivar og sager.

Tungenes fyr:

Navigasjon og GPS for 7. trinn. Elevane lærer om navigasjonssystem, navigasjon til sjøs og får opplæring i bruk av GPS.

Randaberg under andre verdskrig for 9. trinn:

Elevane lærer om andre verdskrig og korleis den påverka lokalsamfunnet i Randaberg. Me besøker krigsminne i området.

Dyr og planter i fjæra for 8.trinn:

Elevane lærer om kva som lever i fjæra. Me går tur langs sjøen og ser kva me finn av planter og dyr i sjøen. Elevane får også smaka på noko av det me finn.

Fordjupingsmeisterskapen på Garborgsenteret er ein årleg konkurranse for vidaregåande skular. Her blir vinnaren i 2023 annonsert, det var Anna Blikom Vollan frå Stavanger katedralskole.

Foto: Ørjan Z. Johansen / Jærmuseet



Torpedoverkstedet:

Alle 9. klassane i Sola vitja Torpedoverkstedet i samband med DKS-opplegget 2. verdskrig i Sola. Opplegget er eit samarbeid med lokalhistorikar Atle Skarsten.

Gjesdal kommune:

DKS-besøk av Science Circus til alle 3.- og 4.-klassingar.

Anna formidling til barn og unge


- Vitengarden, Vitenfabrikken og Garborgsenteret tilbydde særskilde tema-aktivitetar i vinterferien og haustferien med god oppslutning. I samarbeid med dei respektive kommunane har Jærmuseet også i 2023 hatt ferieklubbar på Grødaland, Limagarden, og Vistnestunet.
- Fleire av museet sine avdelingar er arena for ulike arrangement eller konkurransar for ungdom. Den årlege Fordjupingsmeisterskapen i norsk for vidaregåande, blei gjennomført på Garborgsenteret med fullsett auditorium. Matematikk-konkurransen «Kodeknekkeren» for vidaregåande skular blei gjennomført på Vitenfabrikken, det same blei den regionale finalen i First Lego League. Me var vertskap for Norway Chess sin skulesjakkturnering, Girl Tech Fest og TENK Tech Fest på Vitenfabrikken. Super:bit-delfinalen blei arrangert på Vitengarden.
- Ni skular i Rogaland er med i Lektor 2-ordninga, der Jærmuseet har koordinatorrolla. Lærarar er blitt følgt opp på sine prosjekt. Ordninga vil bli avslutta i 2024.
- Institusjonar for personar med særskilte behov kan kjøpa velferdskort. Kortet blir flittig brukt på fleire anlegg. Jærmuseet er òg med på ordninga med følgjeprova for funksjonshemma

og kommunale aktivitetskort. Desse gjev gratis inngang fleire gonger i løpet av året til barn og unge i familiar med låg inntekt. Hovudmålet med aktivitetskortet er å bidra til inkludering og utjamning av sosial ulikskap. Eit anna tiltak for å jamna ut sosial ulikskap, er at museet deler ut frikort til alle elevar frå grunnskulen som er med på formidlingsopplegg. Korta kan nyttast ut året på alle musea. På Garborgsenteret var det 2023 gratis inngang for alle første laurdag i månaden, og det blei arrangert fleire aktivitetsdagar med gratis inngang på Vitengarden og Vitenfabrikken. I samarbeid med vår samarbeidspartnar Equinor, kunne me òg tilby gratis inngang for barn i haustferien på Vitengarden og Vitenfabrikken.

- Friluftsdag for personar i heile Rogaland med ulike funksjonshemmingar blei halde i samarbeid med Hå kommune. Dette er det største arrangementet som blir arrangert for denne målgruppa i heile fylket.
- På Limagarden blei det gjennomført dagtilbod til personar med demens.

DELTAKING EKSTERNE ARRANGEMENT:

Jærmuseet legg vekt på aktiv deltaking i ulike eksterne arrangement, både i stiftarkommunane våre og andre stader der det er naturleg å bidra. Me har blant anna deltatt på Tomatfestivalen på Finnøy, Kapittelfestivalen i Stavanger og Jorddøgn litteraturfestival i Time, Livsgledefestivalen i Time, Jul i parken på Nærbø og Vinterland i Sandnes. Me deltok også på Forskningsdagane der me vann prisen for beste stand og Oslo skaperfestival. I juni var Science Circus invitert til vitskapsfestivalen Znanstival i Ljubljana.



Jærmuseet skal styrka forskinga og kunnskapsutviklinga i organisasjonen med vekt på samtid og nær fortid, gjennom prosjekt med internasjonal, nasjonal og regional relevans, og auka den vitskaplege og faglege kompetansen i staben.

FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

EIGEN KUNNSKAPSPRODUKSJON

Jærmuseet har dei siste åra arbeidd systematisk med å auka den faglege og vitskaplege kompetansen i organisasjonen, ved at medarbeidarar deltar i dokumentasjons- og forskingsprosjekt eller i etter- og vidareutdanning.

PhD-prosjektet For våre kamerater: En studie av den kalde krigen gjennom flygernes narrativ er i slutfasen. Prosjektet er i rute og er knytt til NTNU i Trondheim, med innlevering sommaren 2024. Forskinga blir nytta som grunnlag for ny utstilling med kald krig-tema på Flyhistorisk museum.

Forskningsartikkel om bokbindarar i Stavanger på 1600- og 1700-tallet er påbegynt. Tema er liv, identitet og virke i eit mikrohistorisk perspektiv. Planlagt publisering er i 2025.

Sauene blir behandla med giftstoff mot ectoparasittar. Jærmuseet har starta ein historisk studie av praksisar knytt til sauevaskinga. Foreløpige konklusjonar blei presenterte på konferansane til Environmental Society for Environmental History og International Association of Agricultural Museums.

Ein konservator ved Museumstjenestene har levert artikkelen Towards a holistic approach – exploring the potential of architectural finishes research for the museums services in Rogaland, Norway som blir

publisert i konferansepublikasjonen til Architectural Finishes Research Conference i Nederland.

Til 16th International Symposium on Wood and Furniture Conservation i Nederland har ein konservator ved museumstjenestene levert post-print-artikkelen Toolmarks from Stavanger cathedral reveal fraud.

Museet har engasjert NIBIO for å starta arbeidet med å identifisera beste metode for å tilbakeføra plen til artsrik og stadeigen blomstereng på museumsanlegg. Prosjektet er støtta av Miljødirektoratet.

Jærmuseet fekk tre kronikkar som handlar om museet si forskings- og dokumentasjonsverksemd på trykk i 2023.

Jærmuseet tok initiativ til samarbeid med andre museum med mål om å etablera felles innsamlings- og samlingsplan for norsk pelsdyrhald. Nettverket søkte i fellesskap Norsk kulturfond om midlar til prosjektstilling.

PELSDYRPROSJEKTET

I juni 2019 vedtok Stortinget at alle norske pelsdyrfarmer skulle vera nedlagd innan 1. februar 2025. Det var då snakk om ei næring med rundt 270 produsentar med tyngdepunkt i Trøndelag



I dokumentasjons-
arbeidet til pelsdyr-
næringa reiste
arbeidsgruppa til
Finland og var med
på pelsauksjon.
Her blei fleire tusen
pelsar auksjonerte
til kjøparar frå heile
verda.

Foto: Ingeborg
Skrudland / Jærmuseet



og Rogaland. Jærmuseet har som mål å vera det leiande museet innan dokumentasjon av det moderne landbruket og skal løfta fram tema som er aktuelle og relevante for folk i vår region. Dokumentasjon av pelsdyrnæringa er derfor eit prioritert prosjekt. Arbeidet kom godt i gang allereie i 2021. Jærmuseet har i 2022 invitert fleire museum inn som samarbeidspartnarar i prosjektet. Museet har intervjuet og fotografert på åtte ulike pelsdyrfarmer i Rogaland, og fått historiar frå både reve- og minkoppdrett frå 1930-talet og fram til i dag. Me har filma produksjonen av pelsdyrfôr i Sirevåg. Me har fått filma vanleg produksjon i minkhus, avliving og pelsing i 2022. I tillegg er det samla inn ein god del arkivmateriale, foto og gjenstandar. Me har i tillegg gjort fleire intervju av pelsdyrbønder.

I 2023 fortsette dokumentasjonen av pelsdyrhaldet i fylket. Jærmuseet utførte 28 intervju og/eller fotodokumentasjonar. Foreløpige konklusjonar frå prosjektet blei presentert på Norske historikerdager 2023. Jærmuseet tok initiativ til samarbeid med andre museum med mål om å etablere ein felles innsamlings- og samlingsplan for norsk pelsdyrhald. Nettverket søkte i fellesskap Norsk kulturfond om midlar til prosjektstilling.

MASTERSTUDENTAR

Masteroppgåve om pelsdyrhald

Mastergradsstudent i historie ved Universitetet i Bergen skriv oppgåve om pelsdyrhald på Jæren, som skal vera ferdig i mai 2024. Jærmuseet er medretteiar. Studenten bruker arkiv samla inn i pelsdyrprosjektet. Masteroppgåva blir vesentleg i utviklinga av utstilling om pelsdyrnæringa.

På instagram-kontoen til Grødalandstunet kunne ein følgja forsøksfelta for å tilbakeføra plen til artsrik og stadeigen blomstereng. Prosjektet er eit samarbeid med NIBIO og skular i området.

Foto: Skjermdump





Jærmuseet skal ha ei berekraftig utvikling av samlingane sine. Samlingane skal vera relevante for forskning og formidling, for forteljingane om Jæren og historiene om Norge.

FORVALTNING

Jærmuseet forvaltar eigne samlingar, samlingar på vegner av stiftarkommunane og samlinga til Stiftelsen Flyhistorisk Museum Sola. Samlingane er i all hovudsak knytt til dei prioriterte tema museet arbeider med. Museet sine samlingar inneheld gjenstandar, arkiv, foto, film, intervju og anna minnemateriale, bygningar, kulturlandskap, hageanlegg og gamle husdyrrasar.

Ei kjerneoppgåve for museet er å sikra og verna den materielle og immaterielle kulturarven for framtida.

Utstyr som tilfredsstillar dagens krav om forsvarleg handtering av samlingar er kjøpt inn og tatt i bruk. Det er også i 2023 gjennomført aktiv innsamling på eitt felt: pelsdyrnæringa.

Me fortset å ha fokus på berekraftig samlingsutvikling. Me har avhenda og destruert ei større mengd objekt (foto og gjenstandar) i 2023. Gjenstandar som blir avhenda er godkjent av styret. Døme på avhenda gjenstandar kan vera at dei er øydelagde eller me har mange av dei.

Me prioriterer og spissar samlingane med omsyn til museets planverk, og gjer samlingane meir relevante og tilgjengelege for formidling og forskning. Størsteparten av inntak av objekt er knytt til aktiv innsamlinga av materiale som dokumenterer pelsdyrnæringa. Digital bevaringshandbok blir stadig revidert, forbetra og utvida med nye prosedyrar og prioriteringar. Flytta gjenstandar blir handtert

etter desse prosedyrane. Me har bygd vårt eige varmekammer og tatt dette i bruk i 2023. Me har varmebehandla over 2000 objekt (både arkiv og gjenstandar) i 2023. Guida turar i studiemagasinet er eit populært tiltak. Me har òg hatt fokus på helseskadelege stoff i samlingar og bygg. Mellom anna har Jærmuseet gjennomført to kurs i asbesthandtering, kartlagt fleire bygg for asbest og sanert der me har funnet asbestmateriale. Me har tatt inn fem nye privatarkiv til privatarkivsamlinga, registrert 23 nye arkiv i ASTA og publisert 17 nye arkiv i arkivportalen.no.

Aktiv innsamling av foto er gjort gjennom dokumentasjonsprosjektet om pelsdyrnæringa. Me legg vekt på å vera ajour med tilveksten av foto gjennom året, registrering og digitalisering og publisering innafor GDPR-reglane. Arbeid med Nasjonalbiblioteket si kartlegging av fotomateriale var med å leggja grunnlag for å arbeida meir målretta med forbetring av katalogsituasjonen og meir tilgjengeleggjing av samlinga.

I oktober og desember 2023 mottok me digitale filer av alt lyd materialet Jærmuseet hadde sendt til Kulturarvdigitaliseringa i Nasjonalbiblioteket. Det utgjer totalt ca. 1,3 TB data. Me arbeider nå med å få på plass DAMS for å kunna handtera datamengda og arbeida vidare med tilgjengeleggjing og formidling av lyd materialet. Fleire små dokumentasjonsprosjekt om immateriell kulturarv er utførte i 2023. Me gjer samlingane synlege og

I forkant av sesongopning på dei mindre musea, blir det gjort eit grundig arbeid med å lufta, vaska og tørka støv. Mange tilsette bidrag, og her sørger arkivar Siril Dahle for at lampen på Grødalstunet blir rein og fin.

Foto: Hans-Arvid Grødeland / Jærmuseet



tilgjengelege for alle, på heimesida, digitaltmuseum, arkivportalen og digitalarkivet. Arbeid med å leggja Jærmuseets bibliotek inn i bibliofil blir utsett til 2024.

Jærmuseet skal arbeida for at samlinga skal få mest mogleg optimale tilhøve. Me held fram det store arbeidet med å flytta samlingane ut or dei dårlege magasinane over til det nye klimastyrte fellesmagasinet på Nærbø. Blant anna gjennom IPM (skadedyrbegrensing), bruk av varmebehandling og flytting til nye magasinlokale. I år har me flytta den store samlinga frå Høyland bygdemuseum frå løa på Hattaland (Klepp) til underjordisk magasin. Me har tatt i bruk eit sjølvbygd varmerom for å behandla alle museumsobjekt som kjem inn på museet. Det gjeld både for arkivalia, foto og gjenstandar. Museet arbeider kontinuerleg med sikring og bevaring av museet sine mange lokale anlegg. Mellom anna med sprinkling, alarm og adgangskontroll. Jærmuseet har utarbeidd si eiga digitale bevaringshandbok. Denne ligg tilgjengeleg på museet sitt intranett. Handboka tek for seg tiltak og rutinar som Jærmuseet skal ha for å handsama samlingane sine. Her finst rutinar som skildrar kva ein skal gjera frå objekta kjem til museet, og så lenge det er i museet si forvaring. Her finst ansvarsfordelingar innan feltet, konservering, registrering, museumsmagasin, tilsyn i utstillingar og innlån og utlån til museet. Bevaringshandboka vil bli implementert og utvikla vidare. Me har laga ein beredskapsplan med prioriteringsliste ved evakuering (restverdiredningsplan). Etter behov frå musea utviklar Museumstjenestene sjekklister ved handtering av helsefarlege stoff i samlingene og prosedyrar for reingjering.

ANNA VEDLIKEHALDSARBEID:

Museet skårar framleis høgt på undersøkinga om tilstandsgraden for sine 65 kulturhistoriske bygg. Me har berre to bygg meg tilstandsgrad 3 (TG 3) i undersøkinga. Resten har TG 1 og 2, altså tilfredsstillande og mykje tilfredsstillande.

- **Vitengarden:** Utskifting av punkterte vindauge, installering av varmepumpe, utskifting av ventilasjonsanlegg i den eldste delen av bygget, ny heis, grønskebehandling av bygg, utskifting av spottar, generelt vedlikehald utført innomhus.
- Årleg skjøtsel av friluftslivs- og kulturuteområdet i Hanabergsmarka.
- **Vitenfabrikken:** Lommeparken ved hovedinngang blei riven på grunn av råte. Ny park blei ferdig våren 2023.
- **Audamotland:** Felling av større tre i hagen, vedlikehald av steingard.
- **Haugabakka** - måla nordsida på skulehuset og måla opp fleire vindauge.
- **Grødal** – Tjørebreidd alle bygg, utført reparasjonar på fleire vindauge, bytt ut alle elektriske lyskjelder i begge løene.
- **Limagarden:** Grave opp og drenert på oppsida av løa på Lima for å hindra vassinntrenging i sauehuset.
- **Vistnestunet:** Sprinkla heile anlegget, laga nytt sprinklarrom i skuten på heimahuset.



← → På Tungenes fyr pågår det eit større og nødvendig restaureringsarbeid over ein fireårsperiode. Blant anna blir alle vindauga restaurerte av bygningshandverkar Odd-Geir Rosland. Eit imponerende arbeid!

Foto: Odd-Geir Rosland / Jærmuseet



- **Garborgheimen:** Grøfting for å hindra innsig av vatn i huset, måling av listverk.
- **Krossens Havremølle:** Utvendig fasaderestaurering held fram. I 2023 blei sørfasaden rehabilitert med murpuss og måling. Arbeidet med vindauga held fram.
- **Luta på Refsnes:** Planert og opparbeid grasplen nær bygningsmasse.
- **Tungenes fyr:** Kledning er bytta ut på to veggjar. Vindauga er restaurert og delar av fyranlegget er måla. Arbeidet held fram i 2024. Randaberg kommune har sett av pengar til eit større restaureringsarbeid på Tungenes fyr over ein fireårsperiode.

MUSEUMSTJENESTENE I ROGALAND

Jærmuseet er arbeidsgjevar for dei tre konservatorane som har verkstad i magasinet til Norsk Oljemuseum i Dusavika. Konservatorane

utgjer Museumstjenestene i Rogaland, saman med fotoarkivaren på Haugalandmuseet og bygningsantikvaren på Ryfylkemuseet.

Konservatorane har behandla fleire gjenstandar frå ulike avdelingar i Jærmuseet. Det mest omfattande prosjektet har vore ei restaurering og konservering av ei dampsprøyte frå Sandnes. Det har blitt gjennomført kurs i handtering og reingjering av gjenstandar i miljøutstillingar for tilsette på Jærmuseet og kurs i handtering av asbest for å sikra trygge rutinar i arbeid med samlingane og med å kartlegga skadelege stoff i samlingane.


Fotoarkivaren har gjeve råd knytt til rutinar for digitalisering av foto, vurdert og rapportert på fotografmeister Leiv Våge si samling.

Bygningsantikvaren har mellom anna utført konserveringsarbeid på den originale inngangsdøra til Garborgheimen.



Arne Garborg
si diktarstove,
Knudaheio.

Foto: Jærmuseet



Jærmuseet arbeider med å styrka grunnlaget for eigeninntekter, og legg til rette for godt samarbeid med næringslivet.

ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Eigeninntektene til Jærmuseet har auka jamt dei siste åra, og den gode trenden fortsette også i 2023. Gode besøkstal førte til høgare inntekter både på billett, kafe og butikksal. Salsinntekter og billett- og arrangementsinntekter auka med totalt 9 % eller ein million kroner i forhold til 2022, der veksten i stor grad var knytt til ferie- og fritidspublikummet.

Faste offentlege tilskot utgjer mest 70 % av omsetninga til Jærmuseet i 2023. Høg prisvekst i 2022 og 2023 gjorde at me til slutt fekk ein noko betre indeksjustering frå spesielt KUD og Fylkeskommunen, der auken i statlege tilskot var på totalt 5,8 %.

Auken i rentemarknaden fortsette i 2023, og rentene blei nær dobla frå 2022 til 2023. Dette bidrog til at årsresultatet til slutt hamna på mest 1,3 millionar, i eit år der me la opp til eit budsjett i balanse.

Gåver, sponsor og prosjektmidlar

Jærmuseet har hatt eit godt samarbeid med private verksemdar i regionen i mange år, og sjølv om dei

fleste store sponsoravtalane våre er knytt til prosjekt, så bidreg dei blant anna til at me kan fornya oss på utstilling og formidlingssida.

Seks bedrifter har bidratt med prosjekt- eller driftsstøtte på ca. 5,2 millionar kroner.

I tillegg har me mottatt vel 11,5 millionar kroner i prosjektstøtte frå ulike private og offentlege instansar. I desse ligg blant anna tilskot frå Rogaland Fylkeskommune på 3 382 000 kroner til Konserveringsteamet samt 1 500 000 til nytt utstillingsbygg i Sømmevågen, 2 000 000 kroner frå Utdanningsdirektoratet til Talentsenter, 500 000 kroner frå Kulturdirektoratet til sikring av antikvariske bygg, 400 000 kroner frå Sandnes kommune/BufDir og EU/EØS-midlar på 600 000 kroner til internasjonalt samarbeid med utdanningsinstitusjonar i Latvia.

Kostnader

Sum driftskostnader er omtrent uendra i forhold til 2022. 2022 var prega av høge straumprisar, og rekordhøge straum og gassrekningar. I 2023 såg



← Store barn leiker også! Cruise-turistar på Vitenfabrikken liker å køyra på Tempo-en og kjenna håret flagra i vinden.

Foto: Jærmuseet

→ Jærmuseet sine personalsamlingar er varierte. Då Gamle Oksøy låg til hamn i Tananger, nytta me moglegheita til å ta personalet med på tur rundt Tungneset.

Foto: Vette Eide / Jærmuseet



Jærmuseet har gjennom året besøk av mange ulike grupper på omvisning. Denne gjengen med pensjonerte Equinor-tilsette har etter kvart besøkt dei fleste musea. Her er dei på Grødalandstunet.

Foto: Elin Ravndal Bell / Jærmuseet



me at prisane stabiliserte seg på eit langt lågare nivå, noko som gav ein reduksjon på heile 45 % eller mest 2 millionar kroner. På same tid hadde me fått støtte til energisparande tiltak som ikkje var tatt inn i budsjettet for 2023. Lågare energikostnadar gav rom i budsjettet til å ta inn nokre av desse tiltaka, blant anna skifte til LED-belysning på Vitengarden og Vitenfabrikken, og justering av eksisterande ventilasjonsanlegg på Vitengarden.

